

Notat til orientering

Til: Hovudutvalet for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren

Status:

SAK 28/13 Maritim produksjonsteknikk ved Dale vidaregåande skule
SAK 31/13 Søknad landsline skiidrett Stryn vidaregåande skule

Hovudutvalet for opplæring 30.10.2013
VEDTAK: SAK 28/13 Maritim produksjonsteknikk

- Sogn og Fjordane fylkeskommune søker Utdanningsdirektoratet om godkjenning av forsøk etter Opplæringslova § 1-4. Søknaden gjeld nytt vg2 maritim produksjonsteknikk i yrkesfagleg utdanningsprogram. Ein slik søknad føreset at det er utarbeidd framlegg til læreplan for vg3.*
- Dersom Utdanningsdirektoratet godkjenner forsøket tek hovudutvalet stilling til korleis opplæringa kan innpassast ved Dale vidaregåande skule.*

STATUS:

06.12.2013 Sogn og Fjordane fylkeskommune sender søknad om forsøk i maritim produksjonsteknikk sendt til Utdanningsdirektoratet.

Fylkesdirektøren var i april månad i møte med Utdanningsdirektoratet for å avklare innhald i søknaden bl.a. knytt utdanningsprogram, læreplan og vurdering.

I perioden frå mars og fram til juli 2014 har det vore dialog mellom Utdanningsdirektoratet og fylkesdirektøren om innhald i utdanningsprogrammet. Det har vore fleire telefonar, e-postar og brev.

10.10.2014 Utdanningsdirektoratet sender sin tilråding om forsøk over til Kunnskapsdepartementet.

13.11.2014 Fylkesdirektøren kontakta Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet for å høyre korleis det går med søknaden. Kunnskapsdepartementet lova å gje svar på søknaden i veke 47.

Hovudutvalet for opplæring 26.11.2013**VEDTAK: SAK 31/13 Søknad landsline skiidrett Stryn vidaregåande skule**

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune søker Kunnskapsdepartementet om oppretting av landsline for skiskyting med 10 plassar ved studiespesialiserande utdanningsprogram ved Stryn vidaregåande skule frå skuleåret 2015-2016.*
2. *Tilbodet skal finansierast innanfor det statlege tilskotet til landslina og den økonomiske ramma for opplæringstilbodet.*

STATUS:

26.11.2013 Sogn og Fjordane fylkeskommune sender søknad om oppretting av landslinetilbod for skiskyting ved Stryn vidaregåande skule frå skuleåret 2015-2016 til Kunnskapsdepartementet.

Fylkesdirektøren kontakta Departementet om kor tid fylkeskommunen kan forvente svar på søknaden. Tilbakemeldinga var at landslineordninga og handsaming av nye tilbod vert handsama i samband med statsbudsjettet for 2015 som vart lagt fram i oktober.

Søknad landsline skiidrett var ikkje med i Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2015 som vart lagt fram den 8.oktober.

13.11.2014 På nytt kontakta fylkesdirektøren Kunnskapsdepartementet for å høyre korleis det går med søknaden. Tilbakemeldinga er at fylkeskommunen vil få svar på søknaden etter at Stortinget har vedteke stadtbudsjettet den 11.desember 2014.